

Fellesdugnad for

# Ny butikk

**Mange har vist stor interesse for å butikken i Herand i drift att.**

**Les om korleis vi kan bidra for å få dette til:**

Herand Bygdelag og Herand Båtlag har fordelt aktivitetane mellom seg ved at bygdelaget skal legge ting til rettes for butikken, og båtlaget for drivstoffanlegget. Dette blir truleg to ulike selskap.

- Behovet på butikksida er 300 – 600.000 i lokal kapital. Til meir vi har, til mindre blir behovet for banklån og kasakreditt, og større sjanse til å få realisert prosjektet.
- Bygdelaget investerer 50.000 i butikken, og båtlaget 100.000 i drivstoffanlegget etter avgjerder som er gjort i begge lag.
- Vidare inviterer båtlaget sine medlemmer til å vere med og investere utover dette, og bygdelaget inviterer bygda-folket til det same.
- Ove Henning Bjørsvik investerer 100.000,- og startar selskapet. Det blir i etterkant ein såkalla retta emisjon, det vil seie at bygdefolk blir invitert til å kjøpe nye aksjer, lagt opp på ein slik måte at Bjørsvik beheld aksjemajoriteten i selskapet. Bjørsvik investerer også sin kompetanse til å rekruttere dei som skal drive butikken, bygge opp drifta og følge opp som regionsjef for Snarkjøp Hordaland.
- Bygda må samla saman mest mogeleg aksjekapital for å sikra at butikken kjem i drift, og har ein romsleg nok driftskapital. Klarar vi dette, **vil vi få utbyte av å ha ein lokal butikk med drivstoff, og 2-3 lokale arbeidsplassar**, samt eventuelt utbyte på aksjer.
- Dei som vil investere 15.000,- eller meir i butikken eller bensinanlegget, blir direkte aksjeeigarar i selskapet og fylgjer prosedyrer for det ved aksjeemisjonen.
- Dei som vil investere mindre beløp enn 15.000 i butikken, kan betale inn til ein eigen konto i bygdelaget som så vil auke si aksjeinvestering tilsvarande. Dersom det ikkje blir noko av prosjektet likevel, vil dei som har betalt inn få pengane tilbake til avsendarkonto. Bygdelaget vil også starte ein Spleis-kampanje ([www.spleis.no](http://www.spleis.no)) via sosiale media der du kan invitere familie og vener til spleisen (5% går til Spleis), mest for mindre beløp.

**Alle som vil vera med må snarast gjere følgjande:**

**For aksjekjøp i butikken eller bensinanlegget (minimum kr 15.000): Ta kontakt med Ove Henning Bjørsvik (tlf 994 28 717, epost [ohb@5600kvamskogen.no](mailto:ohb@5600kvamskogen.no))**

**For andre innbetalingar under 15.000 til butikken: Betal beløpet inn til eigen konto 3530.29.34353 oppretta for dette, eller delta på Spleis. Detaljar blir formidla på [herand.no](http://herand.no) og Herand si side på facebook.**

Styreleiar i Bygdelaget, Gunnar Dalseth (tlf 952 73 845, epost [gunnar@nerkuv.no](mailto:gunnar@nerkuv.no)) svarar på andre spørsmål rundt det praktiske. **Ta kontakt med Bjørsvik dersom du ynskjer å drive eller jobbe i butikken!**

Lokalbutikken er svært viktig for fellesskapet, nærmiljøet og utvikling av bygda. Vi oppfordrar alle som kan til å vere med....

**Dette får vi til!**

Herand Bygdelag / Herand Båtlag